
Saknr: 2020/35741-1
Saksbehandlar: Babek Aanesen Hosami

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.02.2020

Tilskot for etablereropplæring for innvandrarak 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for Kultur, idrett og inkludering vedtek dei vedlagte retningslinene for etablereropplæring for innvandrarak.
2. Tilskotet vert ein viktig del av det regionale integreringsarbeidet som fremmar innvandrarak sine moglegheita til å etablere egne verksemder.

Samandrag

Som følgje av overføring av ein del oppgåver frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) til fylkeskommunar, har Vestland fylkeskommune fått 618 000 kr som tilskot til etablereropplæring for innvandrarak. Hovudmål er å styrke den moglegheita innvandrarak har til å etablere si eigen verksemd. Søkjarar er offentlege og private verksemder som kan tilby opplæring i samsvar med overordna mål.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Elisabeth Bjørsvik
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg
1 Retningslinjer

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ei overordna målsetting i integreringspolitikken er auka sysselsetting blant flyktningar og innvandrarakar.

Tilskotsordninga *etablereropplæring for innvandrarakar* skal styrke og utvikle det ordinære tilbodet om kva som skal til for at innvandrarakar kan etablere si eiga verksemd, slik at det betre kan leggast til rette for gründerverksemd blant innvandrarakar, som igjen bidrar til sysselsetjing og vekst.

Desse kan søka:

- Kommunar og fylkeskommunar som vil leggja til rette for etablereropplæring/gründerverksemd for innvandrarakar.
- Verksemdar og organisasjonar i privat og offentleg sektor med fagekspertise i etablereropplæring, inkludert frivillige organisasjonar som er registrerte i Frivillighetsregisteret

Tilskota er ment for å finansiera mellom anna:

- Opplæring
- Kursing
- Nettverksbygging

Målgruppa for prosjekta er innvandrarakar som ønsker å etablere seg som sjølvstendig næringsdrivande. Kvinner med innvandrarakarbakgrunn er ei prioritert målgruppe.

Tilskotet etablereropplæringen har eksistert i nokre år gjennom IMDi, og fleire prosjekt i Hordaland og Sogn og Fjordane har søkt og mottatt tilskot. I 2018 gjaldt dette til dømes Aksello bedrift i Flora i Sogn og Fjordane, medan «Business Factory» er eit prosjekt i regi av Etablerersenteret i Hordaland .

Ordninga har vist seg vellukka, men har fram til no hatt meir fokus på innvandrarnettverk og mindre vekt på eigne bedrifter. For 2020 har vi lagt vekt på å oppretthalde dei eksisterande vilkår og retningslinjer, slik at vi får eit betre bilete på kva for endringar som på mellomlang sikt vil vere meir teneleg og målretta. Ei viktig oppgåve for fylkeskommunen er å sjå verkemiddelapparatet i samanheng med dei overordna målsettingane for integreringspolitikken. Basert på søknader, resultat og erfaringar frå 2020, vil ein såleis få eit godt grunnlag for endringar i ordninga allereie i 2021. Samstundes har departementet signalisert at det kan kome forskrifter knytt til tilskotsordningane. Slik forskrift ligg per no ikkje føre.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Å styrka moglegheita innvandrarakane har til å etablere ei sjølvstendig næring har utvilsamt positiv effekt på økonomien både regionalt og nasjonalt. Ramma på tilskot kr. 618 000 er satt til budsjett.

Klima: ikkje relevant.

Folkehelse: Å bli økonomisk sjølvstendig bidrar til auka trivsel som igjen har positiv effekt på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit bidrag til å nå mål i den regional utviklinga og FNs berekraftsmål gjennom fokus på sosiale og økonomiske utfordringar knytt til innvandrarakane.

Konklusjon

Tilskot til etablereropplæring vert ein viktig del av det regionale integreringsarbeidet som fremmar innvandrarakane sine moglegheita til å etablere sine eigne verksemdar.